

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2015	Formannskapet i Radøy	PS	26.03.2015
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tore Rikstad	15/240	15/2316

Turløype på Manger

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune går vidare med løypeforslaget til Manger Idrettslag. Rådmannen gjer avklaringar rundt eit samarbeid med Manger Idrettslag med sikte på å få i stand ein avtale og ei praktisk gjennomføring av prosjektet innanfor vedtekne budsjetttramme.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Med bakgrunn i at det i investeringsbudsjettet for 2015 er vedtatt at det skal lagast ei universell utforma turløype på Manger etter modell av Brekkeløypa i Knarvik, har rådmannen oppnemnd ei arbeidsgruppa som har sett på ulike alternativ og løysingar innanfor nærområdet på Manger og etter reglar og vilkår for å få spelemidlar.

Vurdering

Rådmannen har i si vurdering m.a. lagt vekt på nærliken til Manger sentrum og sentrumsområda rundt, slik som nærliek til parkeringsareal, nærliek til Radøyhallen og Grønålen. Han har også vurdert kva arbeid og tidsperspektiv ein planprosess vil ta og kostnadene i dei ulike prosjekta.

Utarbeidd forslag frå Manger Idrettslag, er slik rådmannen vurderer, det beste alternativet og den løysinga som heilt klart vil bli mest nytta og allsidig brukt. Traseen turløypa får, gir lett tilkomst og bruk både på dag og kveldstid både for idretten, skulane, barnehagen, ungdomsklubben, og foreldre som kan gå tur medan dei ventar på barn som er på aktivitet. Turløypa vil binda saman eit samanhengande parkområde frå prestegardshagen til Nesvatnet og gir moglegheiter til å etablera utsiktspunkt/kvilepunkt fleire stader. Rådmannen ser det og som ein fordel at Manger Idrettslag vert ein likeverdig part i prosjektet både med omsyn til dugnad, finansiering, drift og vedlikehald. Nærare detaljar rundt eigarskap, søknadsprosess, tilbodssprosess opp mot offentleg anskaffelse, løypedetaljar/avklaringar opp mot tippemidlar og drift må avklarast nærmere før ein kan inngå ein eventuell avtale. Med delar av løypetraseen allereie opparbeidd, og at Manger Idrettslag vil delta med dugnadsarbeid, gir og ein langt mindre kostnad enn det dei øvrige løypeforsлага vil koma på.

Formannskapet i Radøy - 023/2015

FS - handsaming:

Rådmannen har oppnemnd ei arbeidsgruppa som har sett på ulike alternativ til turløype innanfor nærområdet på Manger, og prosjektleiar Tore Rikstad orienterte om arbeidet og dei ulike alternativa.

Arbeidsgruppa har konkludert med at Manger IL sine planar er den beste løysinga, og rådmannen har tilrådd å gå vidare med dette løypeforslaget.

Frode Hervik (V) gav administrasjonen ros for rask oppfølging av ei politisk bestilling i budsjettvedtaket. Han ser Manger IL sitt forslag som den beste løysinga, i tillegg til å vera den billegaste.

Ordføraren meiner Manger IL sitt forslag er det som best passar tettstadutviklinga på Manger og Manger som bustadområde. Han la fram ein førebels merknad som er kome frå Elsa og Gunnar Jordal knytt til løypeforslag frå Manger IL.

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen si tilråding.

FS - vedtak:

Radøy kommune går vidare med løypeforslaget til Manger Idrettslag. Rådmannen gjer avklaringar rundt eit samarbeid med Manger Idrettslag med sikte på å få i stand ein avtale og ei praktisk gjennomføring av prosjektet innanfor vedtekne budsjetttrammer.

Vedlegg:

Prosjektomtale turløype Manger (L)(34387)

Turløyper Manger - kartskisse

turløype forslag - skisse Manger IL